



Vårsprett-konserten i fjor, der dette bildet er henta frå, vart ein stor suksess. Den blir nok ikkje mindre i år... (Foto: Ola Matti Mathisen).

”Røysterett for alle” og Aktivitetshusets damevenner vil også i år arrangera Vårsprett-konsert i Aktivitetshuset, fortel leiaren av koret Lars Henrik Skogtun til uskedalen.no. Dei som blir med vertskoret i år er Tyssedalskoret, Halsnøy Strupeband og Kulturskulen med to grupper (gitar og fele). Konserten i fjor var ein stor suksess med 250 frammøtte. I år blir den halde søndag 22. april.

Tyssedalskoret er noko for seg sjølv og har ei lang og imponerande merittliste bak seg. Dei 60 songarane har nylig spela inn ein DVD som er eit bestillingsverk, byggjer på utbyggjinga i Tyssedal og heiter ”Arven”. Ellers er koret svært allsidig, det syng alt frå Bach og blues til Beatles. Koret vart stifta i 1979 og har sunge saman med mange kjente artistar og grupper gjennom åra. Mellom dei er Barbara Helsingius, Halvdan Sivertsen, Benny Borg og Brazz Brozz.

Blant dei som har høyrte koret er kronprinsparet og dronning Sonja. Dronninga var til stades då koret var innbode til arrangementet Streif 2005.

Halsnøy Strupeband har same dirigent som Husnes Blandakor – Veronica Fjelland.

Dette året blir Vårsprett-konserten med inngangsbillett, ikkje basar som i fjor. Men det blir trukke nokre gevinstar på billetten.

Vertskoret vil baka kaker og laga kaffi til songarane og serveringa finn stad før konserten. Det blir ei lita sosial samkome etter oppvarming og prøve i salen.

Av Ola Matti Mathisen